

Stormen sist laurdag knekte tre over Fylkesvegen.

03.03.2020



Vegen ved Mørkevågen var raskt rydda av mannskap frå branntroppen i Uskedalen.

Sist laurdag på dagtid var det orkan i kasta og den sterke vinden knekte tre på Fylkesvegen ved Mørkevågen. Branntroppen frå Uskedalen var på plassen og fekk rydda vegen. Knekte tre over vegen var av større omfang ved Haugen i Herøysundet. Store grantre la seg over vegen og hindra trafikken å koma forbi.

Ein vindmålar på søre Kjærland synte vindstyrke 38 meter i sekundet på det meste. Det er langt over orkan styrke. Det er så langt vi veit, ikkje meldt inn større skade på hus og anlegg. Det er registrert at nokre takpanner har losna og fare med vinden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal